



Gospelsolist Lina Håland syng med Gospelkoret Abraham

**Sundag klokka 11 vert Lina Håland (30) ordinert til sokneprest i Uskedalen av biskopen i Bjørgvin Halvor Nordhaug. Det skjer i Husneskyrkja. Ho skal også gjera teneste i Husnes og Holmedal. Vi får ein ung, men samstundes allsidig prest som gler seg stort til oppgåva.**

Onsdag kveld møtar ho sokneråd og jubileumskomite her i bygda og får orientering om arbeidsoppgåvene.

Allereie laurdag kveld vil ho imidlertid presentera ei spennande side av seg sjølv - som gospelsongar. Sopranen Lina har sunge i mange år i Gospelkoret Abraham. Koret har 30 medlemmer frå Stavanger, Sandnes og Jæren. Det har øving i Sandnes kvar måndag og formidlar budskapet med mange framstående komponistar på programmet,

Under konserten i Valen kyrkje klokka 20 lovar solisten Lina mykje god gospel av til dømes Bob Dylan og Sigvart Dagsland. Koret har i mange år vorte leia av Bjarte Lending.

Den nye soknepresten er nyutdanna ved Stavanger misjonshøgskule og var i praksis her i 5 veker i vinter. Ho vaks opp i Julabygda i Sandnes 10 minutters køyring frå Sandnes og har vore medlem av ulike karismatiske trussamfunn. Ho er fersk medlem av den norske kyrkja, ei avgjerd ho brukte lang tid på å koma fram til.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen  
Foto: Privat